

Notat/ status til prosjekteigar frå administrativ arbeidsgruppe 21.05.18

Namn arbeidsgruppe: Arkiv / IT / Informasmon

- Deltakarar: Mari Mæland, Kristin Jordal, Tor Halvorsen, Kjartan Haugen, Torbjørn Titlestad
- Antal møter: 4

Undergrupper: Ingen undergrupper

Medverknad frå andre ressurspersonar:

Arvid Birkeland deltar i gruppa som tillitsvald (Delta)

Mål/ visjon for arbeidet:

- Laga ei funksjonell organisering av tenestene innan it, dokumentcenter og informasjonsarbeidet i Nye Voss.
- Etablere felles arkiv
- Etablere arkiv for fellesnemnd og prosjektet «Nye Voss»
- Sørge for felles (og homogen) IT infrastruktur i «Nye Voss»
- Lede ann arbeidet med digitalisering av tenester i «Nye Voss»
- Støtte alle prosjektgrupper med IT relaterte oppdrag fram til 2020.

Status for arbeidsgruppa:

Arkiv og tenestetorg - Granvin

- Kartlegging er fullført
- Det er satt i bestilling optimalisering og analyse av sak/arkiv-databasen, for å gjere oss best mogleg rusta til avslutting og uttrekk av arkivet i 2020. Er ferdig å rydde i sak/arkivsystemet
- Rydding av papirarkiv pågår fortløpande, men her er det behov for ekstern hjelp. Det er vurdert frikjøp av interne ressursar, men ein ser at det vil vere utfordrande då ressursane er knappe og aktuelle som har vore naturleg å frikjøpe, allereie har mange rollar å fylle. Ein ser på løysingar knytt til dette vidare.
- Innhenting av personregister frå einingane er utfordrande
- Digitalisering av byggjesaksarkivet – skal me gjere det før 2020? -Korleis? Behov for ekstern hjelp

Voss herad 2020

- Starte samarbeid om kommunevalet i 2019, avklare arbeidsoppgåver Granvin-Voss – Oksen halvøya
- Papirarkiv vert levert IKAH første halvår 2020 (planen her var i løpet av 2018)
- Få godkjent elektronisk arkiv for fagsystem
- Arbeidsgruppa ser på korleis ein kan ha eit tenestetorg i Granvin basert på digitale løysingar.

Arkiv – Voss

Utfordringar : Ressurs til klargjering avlevering av arkiv. Tidsklemma mellom ordinære oppgåver og prosjektjobbing (innføringsprosjekt og papirarkiv) .

Deloppgåver som er utført : Innleigd konsulent har klargjort ca 100 meter arkiv for Voss.

Status Informasjon

Informasjonsarbeidet for prosjektet nyttar no fleire kanalar. Nettsider, Facebook og eit eige område på intranett er satt opp får å nå ut med informasjon til tilsette, politikarar og publikum.

Eit eige prosjekt for nye nettsider til Voss herad er tinga av prosjektleiar. Dette prosjekt er førebels organisert i denne arbeidsgruppa, men ny organisering kan få konsekvensar for organiseringa vidare.

Status IKT

Sjå vedlegg 1.

Planlagde utviklingsaktivitetar (jmfr styringsdokument)

Prioriterte oppgåver

1. Kartlegging av tenesteområdene i de ulike faga, for kvar kommune
2. Sørge for kontinuitet i ryddearbeid i begge kommunars arkiv
3. Kvalitetssikre elektronisk datafangst
4. Klargjere infrastruktur og fellestenester innan IKT

Risikovurdering av omstillingsprosessen

Gruppa gjennomførte tidleg ei risikokartlegging, som primært peika på utfordringar kring menneskelege ressursar og kø hjå leverandør. Denne risikokartlegginga må arbeidast vidare med, der ein har fokus på omstillingsprosessen. Dette arbeidet vil gruppa få hjelp til av HMS-rådgjevar før sommaren.

Saker som må avgjerast i Fellesnemnda



Voss herad 2020

- Depot Interkommunalt arkiv – ny avtale

Behov for støtte/ hjelp:

Arkiv ønsker til assistanse for å komme i mål med pakking/sortering av eksisterande papirarkiv

Informasjon til tilsette:

Til no har gruppa fyrst og fremst hatt fokus på kommunikasjon med dei andre prosjektgruppene. Arbeidet har vore prega av kartleggingar innan arkiv og leverandørar av datasystem og er vanskeleg å framstille for andre enn dei som arbeider med dette til dagen. Arbeidsgruppa vil nytte intranett for å gje informasjon til tilsette og vil framover publisere korte notat om arbeidet sitt der.

Oversikt over område som må vurderast/ inkluderast i andre arbeidsgrupper:

- Avklaring av fagsystem, kva skal vidareførast og kva må kjøpast nytt.

Gevinstrealisering

Granvin kommune ynskte å sjå på moglegheitene for å nytta Voss kommune sitt arkivsystem og starte med elektronisk arkiv frå 1/1-18, men etter ein totalvurdering vart dette ikkje gjennomført.

Arbeidsgruppa sine egne punkt

- Kjøpe arkivar tenester for avslutting av arkiv
- Kor skal tenestetorget i Granvin ligge, og kva form skal det ha?
- Vurdere å byggje om tenestetorg/dokumentsenter på Voss?
- Om prosjektleiar sitt framlegg til organisering av stab og støttefunksjonar i Voss herad vert vedteken, bør ein vurdere om ein skal omstrukturere prosjektgruppa for arkiv, informasjon og IKT ut frå at en då ikkje lengre ligg i same linje i organisasjonen. Omorganisering av gruppa kan redusera risiko for at informasjon til rett leiarnivå glepper som konsekvens av mangelfull kommunikasjon mellom prosjektgruppene.



Voss herad 2020

Vedlegg:

Vedlegg 1 - Status IKT

Vedlegg 2 - Oppdatert tidsplan for arbeidsgruppa

Vedlegg 3 - Arbeidsark – Oversikt avtaler, vedtekter, reglar og rutinar

Referat frå møtene som har vore i arbeidsgruppa.



Voss herad 2020

Vedlegg 1 – Status IKT

Overordna mål for arbeidet – henta frå KS sin sjekkliste

Eventuelt påbegynne periodisering av IKT-systemer, ajourføring av Matrikkelen og kvalitetssikring av grunndata

2. Kartlegging og målbylde

Etablere prosjektorganisasjon og -plan

- Etablere prosjektleier, styringsgruppe, prosjektleder og prosjektdeltakere for digital sammenslåing
- Definere beslutningsprosesser for digital sammenslåing
- Definere hvordan prosjektet for digital sammenslåing skal samhandle med de øvrige prosjektene
- Utarbeide mål, fremdriftsplan, budsjett og risikoanalyse for digital sammenslåing
- Sikre tilstrekkelig bemanning og finansiering for digital sammenslåing
- Detaljere fremdriftsplan for neste fase
- Eventuelt avtale bistand fra de aktuelle fagmiljøene, leverandørene, forvaltere av fellesløsninger og andre samarbeidspartnere

Utføre detaljkartlegging

- Skaffe detaljkunnskap om områdene som ble kartlagt i forrige fase
- Definere kritiske digitale løsninger
- Definere behov knyttet til håndtering av arkiv og data
- Definere mulige alternativer for håndtering av de ulike digitale løsningene med utgangspunkt i det juridiske mulighetsrommet og tjenstlige behov

Inngå dialog med leverandører og samarbeidspartnere

- Diskutere muligheter og utfordringer knyttet til digital sammenslåing med leverandører, forvaltere av fellesløsninger og andre samarbeidspartnere
- Samkjøre plan for digital sammenslåing med dem for å sikre tilgjengelig bistand
- Eventuelt inngå avtaler om bistand der dette er hensiktsmessig og mulig med henhold til anskaffelsesregelverket

Utarbeide digitaliseringsstrategi for den nye kommunen

- Utarbeide visjon, ambisjon og mål for digitalisering i den nye kommunen
- Utarbeide satsingsområder og tiltak for digitalisering
- Utarbeide ny IKT-organisering og -styring
- Vedta digitaliseringsstrategi i Fellesnemnda

Beslutte organisatoriske og digitale veivalg

- Beslutte overordnet organisering – organisatoriske nivåer og sentrale roller
- Beslutte hvilke IKT-løsninger håndteres før sammenslåingstidspunkt
- Beslutte om hver enkelt IKT-løsning videreføres, tilpasses eller anskaffes på nytt
- Oppdatere prosjektplanen i henhold til dette

Kartlegge gevinster per tjenesteområde

- Utarbeide gevinstvurdering per tjenesteområde


Etablere overordnet arkitektur

- Definere arkitekturprinsipper
- Tegne opp overordnet ønsket situasjon for det digitale landskapet inkludert arkivarkitektur

Dersom mulig, påbegynne organisering av IKT-drift for den nye kommunen og konsolidering av IKT-infrastruktur

Ved å haka av er det forsøkt å indikera kva status er for dei enkelte områda. Delar av oppgåvene ligg utanfor prosjektgruppa sitt område, til dømes etablering av overordna strukturar.

Systemstatus



IKT-Infrastruktur

Identitetshandtering

Granvin herad og Voss kommune har felles påloggingsteneste som basis for identitetshandtering (Autentisering og autorisasjon). Tenesta er oppdatert til siste tilgjengelege versjon og er planlagt oppdatert kvar gong Microsoft lanserer ny versjon.

For å dela identitet med andre aktørar nyttar me ADFS, ei teneste for å dela identitet med andre system og tilby brukarane våre saumlaus pålogging i system som ikkje vert drifta lokalt. ADFS-tenesta er oppdatert til siste tilgjengelege versjon og fylgjer oppdateringsløpet til påloggingstenesta.

Office 365 og andre skytenester frå Microsoft nyttar eigen identitetssynkronisering (AD Connect) for å dela brukarnamn og passord. Denne tenesta er oppdatert til siste versjon og blir brukt av begge kommunane i dag.



Voss herad 2020

Nettverk & sikkerhetsmekanismer

Brannmur, spamfilter og anti-virus program er i dag felles for begge kommunane og vert drifta av Voss kommune. Det er etablert avtaler med alle leverandørar slik at drift og vedlikehald av løysingane er sikkert ut 2020. I løpet av 2020 vil det være naturleg å undersøka marknaden med tanke på fornying av utstyr og tenester.

Gjennom skjønsmidlar har me sikkert finansiering slik at nettverksløyning for begge kommunar vert harmonisert (same løysing, same «nettverksnamn») i løpet av 2018.

Lagring

Voss kommune investerte i ny lagringsløyning for alle data i slutten av 2017 og byrjinga av 2018. I tillegg til å ha ny lagringsløyning i vårt primære datasenter, har me tilsvarande løysing i vårt sekundære datasenter. Lagringsløyninga innbefatter i dag alle fagsystem som vert drifta lokalt, fil data og e-post.

Fellesløyningar

IDporten

Det er etablert avtale for generell bruk av IDporten frå Difi for Voss kommune. Det er ikkje etablert eiga avtale for IDporten for Voss herad 2020.

Altinn

Voss kommune og Granvin herad er kopla mot Altinn frå sine ERP-(HR & Økonomi)system. Så fram det ikkje vert bestemt å erstatta ERP-system for Voss herad, er integrasjonar til Altinn frå ERP-system i orden.

KS Fiks (KS SvarUt og KS SvarInn)

Voss kommune har etablert og installert kopling mot Svar Ut og Svar Inn frå Sak/Arkiv system. Det er planlagt integrasjonsprosjekt for fagsystem fram mot 2020.

Granvin herad er ikkje kopla til KS sine felleskomponentar (Svar ut og Svar inn)

Digital Postkasse

Voss kommune har integrasjon frå Sak/arkiv system til DigiPost, integrasjonen vert ikkje brukt i dag då Svar Ut er vår føretrekte ekspederingskanal.

A-melding

Både Voss kommune og Granvin herad leverer A-melding direkte frå fagsystem i dag (Visma Enterprise HRM) og Voss herad vil bruka eksisterande integrasjon frå januar 2020.

Folkeregister

Sak/arkiv og Innfordring system for Voss kommune er i dag knytt opp mot folkeregister og har automatisk import av kontakinformasjon.

Kontakt og reservasjonsregister

Som ein konsekvens av tilknytning til KS Svar ut, er Voss kommune også knytt til kontakt og reservasjonsregister for dei av fagsystema som brukar Svar Ut.



Voss herad 2020

IKT System

Arkivsystem

Granvin herad har papir arkiv, støtta av Acos Websak som forsystem. Voss kommune har elektronisk arkiv (frå 2015) med elektronisk tilgang til historisk data frå før 2015. Begge kommunane har i dag løysing for papirlause politiske møte.

Kompetanse- og rekrutteringsløysing

Voss kommune har i dag CV database og elektronisk system for rekruttering i direkte tilknytning til personalsystemet. Tilsvarande (men noko modernisert) løysing vert vidareført til Voss herad, med mindre det vert bestemt å byta ERP-system.

Personale- og lønssystem

Granvin herad og Voss kommune brukar same system for personale og løn i dag. Den nye kommunen vil verta etablert i same plattform, som et eige nytt selskap.

Timeregisteringssystem

Som forsystem for timeregistrering brukar Granvin og Voss ulike løysingar frå same systemleverandør. Det vil vera naturleg å harmonisera bruk av timeregistrering fram mot 2020.

Spesielt for skulesektoren i Voss kommune er det at ein brukar eit eige forsystem for planlegging av timeplan for tilsette og elever, dette er direkte integrert i dagens personalsystem. Systemet vert brukt av både undervisningspersonale og støtteressursar.

Økonomi og regnskapssystem

Begge kommunane brukar i dag Visma Enterprise Økonomi med modular for fakturabehandling og fakturering (utgåande). Voss kommune nyttar i tillegg modular for e-bilag og e-ordre.

Bankløysingar

Kommunane har ulike bankforbindelsar i dag. Granvin herad har sin hovudforbindelse til Nordea mens Voss kommune har sin til SpareBank 1 SR Bank. Begge kommunar har løysingar for remittering gjennom sine bankar, i tillegg nyttar Voss kommune tenester frå Nets til utsending av autogiro og e-faktura.

Fagsystem

Granvin herad og Voss kommune har til saman 42 fagsystem. Tek ein med «undermodular» kjem ein opp i om lag 100. Desse er nå dokumentert og IT-gruppa vil like over sommaren starta dialog med dei respektive gruppene om vegen vidare for dei enkelte systema. Alternativa er; Nytt eksisterande system frå Voss, nytta eksisterande system frå Granvin eller skaffa nytt. Vel ein å nytta eksisterande system frå Granvin vil dette i dei fleste tilfella utløysa krav om offentleg innkjøpsprosess då avtala må aukast med meir enn 10 %.

Tenester til innbyggjarar og næringsliv

Granvin herad og Voss kommune brukar i dag same plattform for innbyggjardialog, men har begge eit redusert tilbud når det kjem til «dialog». Statisk informasjon ut på nettside og enkelte digitale skjema for innsending av informasjon. Dette gjeld både for dialog med næringsliv og publikum elles.

Det er sett opp eit eige prosjekt som skal jobba med Voss herads nettsider.

Voss kommune er i et innføringsløp for KS eByggesak, der målet er å automatisera og forenkla byggesaksprosessen frå sluttbruker til melding om vedtak.



Voss herad 2020

Verken Voss kommune eller Granvin herad har løysingar for å tilby opne data og ingen strategisk plan for dette området.

Utvikling av tenester og driftsmodell

Dagens driftsmodell med lokale datasentre er på veg til å bli avleggs. Ein kommune har ikkje ressursar og kompetanse til å driva produksjon av datakraft og skalerbar infrastruktur slik neste generasjons tenester vil krevja. Voss kommune har derfor starta arbeidet med å flytta tenestene sine til andre leverandørar. Dette vil på sikt frigjera ressursar til andre formål som digitalisering og tenesteutvikling.

Prosjektgruppa vil det neste året jobba med å bidra til at alle fagavdelingar får implementert KS sine felles komponentar der det er mogleg å bruka desse slik at flest mogleg realiserer gevinstane dette er meint å gi.

Både Voss kommune og Granvin herad deltek i digitaliseringssamarbeid leia av Bergen kommune.



Voss herad 2020

Vedlegg 2 - Oppdatert tidsplan for arbeidsgruppa

	Aktivitet	Aktivitetsnavn	Varighet	Start	Slutt	ressurser
1		Arbeidsgruppe IT/Arkiv/Informasjon	890 dager	on 01.02.17	ti 30.06.20	
2		Arbeidsgruppens overordnede milepæler	326 dager	fr 01.09.17	lø 01.12.18	
3	✓	Godkjent mandat	0 dager	fr 01.09.17	fr 01.09.17	Kjartan Haugen,
4	✓	Aktivitets/prosjektplan	0 dager	on 01.11.17	on 01.11.17	Torbjørn Titlestad
5		Kartleggingsdokument	0 dager	fr 01.12.17	fr 01.12.17	Kjartan Haugen,
6		Sluttrapport	0 dager	lø 01.12.18	lø 01.12.18	Torbjørn Titlestad
7		Aktivitetar Arkiv	738 dager	fr 01.09.17	ti 30.06.20	
8		Granvin	738 dager	fr 01.09.17	ti 30.06.20	
9	⚠	Fortløpende avslutning og boksing av arkivsaker	673 dager	fr 01.09.17	ti 31.03.20	Mari Mæland
10	⚠	Listeføring og pakking	500 dager	fr 01.06.18	to 30.04.20	Mari Mæland
11	⚠	Avlevering til depot	523 dager	sø 01.07.18	ti 30.06.20	Mari Mæland
12	⚠	Ferdig uttrekk web-sak base, klar for avlevering	413 dager	lø 01.09.18	ti 31.03.20	Mari Mæland; Kjartan Haugen
13	⚠	Rydding, klargjøring og boksing av personalmapper	87 dager	lø 01.09.18	ma 31.12.18	Mari Mæland
14		Voss	216 dager	fr 01.09.17	lø 30.06.18	
15	⚠	Kartlegging - papriarkiv	217 dager	fr 01.09.17	lø 30.06.18	Kristin Jordal
16		Avlevering til depot				Kristin Jordal
17	✓	Aktivittar Informasjon	86 dager	fr 01.09.17	fr 29.12.17	
18	✓	Utarbeide kommunikasjonsplan	86 dager	fr 01.09.17	fr 29.12.17	
19		Aktivitetar IT	739 dager	on 01.02.17	ma 02.12.19	
20	✓	Lage budsjett for IT fram til 2020	24 dager	ti 01.08.17	fr 01.09.17	Torbjørn Titlestad
21	✓	Kartlegge applikasjoner	196 dager	on 01.02.17	on 01.11.17	Kjartan Haugen,
22	✓	Kartlegge infrastruktur	282 dager	on 01.02.17	to 01.03.18	Torbjørn Titlestad
23	⚠	Utarbeide dokumentasjon på driftssituasjon pr 1/7-18	22 dager	fr 01.06.18	lø 30.06.18	Torbjørn Titlestad
24	⚠	Bistå arbeidsgrupper med valg av fagsystem	217 dager	fr 02.02.18	lø 01.12.18	Kjartan Haugen, Torbjørn
25	⚠	Bistå arbeidsgrupper med innføring av fagsystem	231 dager	ma 14.01.19	ma 02.12.19	Kjartan Haugen, Torbjørn
26	⚠	Arkivering av eksisterende fagsystem	240 dager	to 01.11.18	on 02.10.19	Kjartan Haugen, Kristin Jordal; M



Voss herad 2020

Vedlegg 3 - Arbeidsark – Oversikt avtaler, vedtekter, reglar og rutinar
 For arkivtenestene er det best å referere dei einiskilde arkivplanar, her:

<http://voss.arkivplan.no/>

<http://granvin.arkivplan.no/>

Arkivplan omhandlar alle retningslinjer og rutinar for arbeid med arkiv.

Informasjonsavdelinga har ingen egne avtaler og oversyn over IKT avtaler ligg i tabell under:

Fagsystem	Kommune	Eigar		Leverandør			
		Systemeigar	Leverandør	Kontrakt	Kontrakt lengde	Driftsavtale	Avtale om brukerstøtte
Itslearning	Granvin	Rigmor Hanssen	Itslearning AS				
Feide	Granvin	Rigmor Hanssen			6mnd skriftlig varsel		
Mobilskole SMS	Granvin	Rigmor Hanssen	Mobilskole				
Lese- og skriveavtale+	Granvin	Rigmor Hanssen					
Visma Flyt Skole	Granvin	Rigmor Hanssen	Visma		3 år		
Micromark 3	Granvin	Theresa Wallevik	Bibits / bibits@bit	2 brukere	årlig, 12 mnd	innkludert	Ja, ink. 1 årlig bruksrett
Det Åben Bibliotek - Admin	Granvin	Theresa Wallevik	Cordura / info@cd	Inngår i "meiråpe"-systemet			
Nitro PDF	Granvin	Mari Mæland	Nitro		Kjøp, ikke tidsfestet	1 år support innkludert	
Visma Enterprise - GK	Granvin		Visma				
Gisline - GK	Granvin	Asbjørn Helleve	Norkart				
Komtek -GK	Granvin	Asbjørn Helleve	Norkart				
Socio - GK	Granvin						
Visma Ressursstyring -GK	Granvin	Magnhild Grønningsæter	Visma				
Acos Websak 6.8	Granvin						
Acos Cosdoc	Granvin						
Vassverk (kobles opp med VP	Granvin	Per-Are Ulvik					
Mseptik	Granvin	Asbjørn Helleve					
Visma Enterprise	Voss	Eilev Aalvik, Mette Matthiessen	Visma Unique	Ja, 10/09	Kjøp, ikke tidsfestet	Ja, 200k årlig	Ja, UQ Drift/driftsavtale
Public 360	Voss	Torbjørn Titlestad	Tieto	Ja, 11/13	Kjøp, ikke tidsfestet	Nei	Ja, ink. 1 årlig bruksrett
Gisline	Voss	Torbjørn Austrud	Norkart				
Komtek	Voss	Torbjørn Austrud, Eilev Aalvik	Norkart				
Socio	Voss	Rigmor Onahreim	Tieto		Lisensbasert, antall bruk	Nei	
Gerica	Voss	Kjersti Nordanger	Tieto		Lisensbasert, antall bruk	Nei	Ja, ink. 1 årlig bruksrett
HyperNet	Voss	Else Berit Kyte	IST				
BraArkiv	Voss	Kristin Jordal	Geomatikk IKT				
Infodoc Plenario - Helsestasj	Voss	Kjersti Nordanger	Infodoc				
Infodoc Plenario - IKL	Voss	Kjersti Nordanger	Infodoc				
Visma Familia	Voss	Else Berit Kyte	Visma				
Visma Velferd/flyktning	Voss	Else Berit Kyte	Visma				
Gemini	Voss	Torbjørn Austrud	Gemini	Bruksrett, årlig lisens			
GatTurnus	Voss	Mette Matthiessen	Visma				
OneCo ADX	Voss	Torbjørn Austrud	OneCo				
Dialog eXe (DX)	Voss	Gunnhild Utkvitne	Dialog eXe				
Multiaccess	Voss	Torbjørn Austrud	Multiaccess				
HK-Data	Voss	Else Berit Kyte	HK-Data				